



Tordis Røsland har her motteke PR-stoff for loppemarknaden i Uskedalen av Harald Strand og Aud Sigrun Fausk frå Frivillighetssentralen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag er det to veker til loppemarknaden som Lions skal avvikla i Aktivitetshuset og marknadsføringa blir meir intens for kvar dag som går. Marknaden finn stad frå klokka 11 til 15. laurdag 26.

I dag har det vore frivilligdag på Husnes med ei rekkje stands i Storsenteret . Frivilligsentralen var sjølvsagt på plass og dei slo også eit slag for loppemarknaden i Uskedalen1

Eit viktig punkt er innlevering av loppar. Arrangørane tek imot loppar neste laurdag både i Gamleskulen og i den gale Senter-garasjen på Husnes, begge stader frå 10 til 12.

Det er også ope for innlevering av loppar fredag 25. februar, altså dagen før dagen. Det skjer frå klokka 16 til 18 i Aktivitetshuset. Lions kan også henta heime hos glade givarar etter at dei har ringt eitt av numra som står på oppslaga.

Kva er det så som ein helst bør levara inn? Lions nemner i fleng småmøblar, sportsutstyr, sykklar, bøker, mindre elektriske ting, leikar, koppar og kar. Men det stoppar sjølvsagt ikkje der!

I materiellet som no er under spreing blir det også streka under at LC Kvinnherad treng nye medlemmer, som i dag er berre 30 i talet.

Prinsippet er som før: Alle dei innsamla midlane går til hjelp for andre.

Av Ola Matti Mathisen